

Innspel frå RBU vedr. retningslinjer for brukarutval i Helse Vest.

Høyringsutkastet er grundig gjennomarbeida av ei arbeidsgruppe med tanke på felles retningslinjer for alle brukarutval i føretaksgruppa og i det regionale brukarutvalet. RBU har innspel til følgjande avsnitt:

2 Mandat

Her meiner RBU at ein kan stryka ordet *brukarar* i teksten og berre la det stå pasientar og pårørande. Dette vil vera i tråd med internasjonal språkbruk og tanken om at pasientar er involvert og bidrar til eiga helse. (Brukar av ei teneste er eit negativ og passivt uttrykk.)

3 Samansetting

RBU foreslår eit nytt avsnitt 2:

Alle verksemdsområda, somatikk, psykiatri og TSB, skal vere representerte. Like eins bør det vera brukarrepresentantar som har kompetanse på dei 5 hovedgruppene av funksjonsnedsettelse som ofte omtales av WHO og i Stortingsmeldingar: Syn-hørsel-bevegelseshemming-kognitiv funksjonsnedsettelse-miljøhemma. I tillegg bør ein påsjå at dei største pasientgruppene er representerte med brukarrepresentantar som har kompetanse på områder som kreft, hjerte- og lungesyke, diabetes, revmatisme o.l.

Styret kan påleggja organisasjonane å lista opp kva utvalsrepresentanten har brukarkompetanse på, utan å påføre om det er eigenkompetanse, som pårørande eller anna nærpersion. Slik kan styret få ein reell mulighet til å veta kva brukarkompetanse som fins i brukarutvalet.

4 Oppgåver 4.1 Hovedoppgåver 4.2 Faste oppgåver

Her finn ein også ord som brukar, brukarar, brukarrettar og brukarane. (Sjå innspel til 2 Mandat)

5.3 Forholdet til styret i helseføretaket.

Setningen «Etter avtale med styreleiar» går ut, og i staden står følgjande:

Leiar av brukarutvalet eller annan representant for brukarutvalet skal sitja ved same bord som styremedlemmene og representantar frå administrasjonen. Brukarrepresentanten skal ha høve til å uttale seg og komme med forslag i saker som i særleg grad angår pasienttilbodet.

Brukarrepresentanten er såleis observatør med talerett i styret.

RBU finn det noko underleg at Helse Vest meiner at resten av Norge tar feil i denne saka og at det berre er Helse Vest som «tolkar» helseføretakslova rett.

Viser til helse- og omsorgsminister Bent Høie sin sykehustale 07.01.14. Her snakker han om at pasienter må tas med i utviklinga av helsetenesta, og han spør korleis den hadde blitt om pasienten fekk bestemma. Helseministeren meiner at tenesta då ikkje ville vore som i dag. Pasienter er ofte dei mest radikale endringsagentane. Pasienter og pårørande skal vera like viktige som fagfolk og politikere i arbeidet framover. Eit godt eksempel er prosjektet «Viss pasienten fikk bestemme» v/ Radiumhospitalet.

7.1 Godgjersle

RBU meiner det no er på tide at alle brukarutvalg følgjer Statens satsar for arbeid i statlege utval. Dette vil då bli regulert regelmessig og skapa rettferdighet og likhet for arbeidet som blir lagt ned i dei einskilde brukarutval. Det vil også gje innsparring i bruk av administrative ressursar på honorering.

Det bør for ordens skyld også nemnast at det blir gitt honorering som observatør ved styremøte.
(gløymt medtatt?)

7.2 Reiseutgifter

RBU foreslår følgjande tillegg:

Alle brukarutval nyttar reiseregningen.no som ein finn på regjeringen si nettside.